

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinger vart samråystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderingane frå prosjektet Framtidas hurtigbåt del II om å førebu og kungjere konkurransegrunnlag basert på vurderingar som framgår av vedlagte rapport datert 10.05.21.
2. Fylkesrådmannen vert beden om at det vert lagt fram ny sak om prosjektets eigarskapsstruktur og risikomodell før kunngjering av konkurranse for sikkert design.
3. Fylkesutvalet støttar at Vestland fylkeskommune tek ansvaret for sikkert design/hydrogenløpet i prosjektet, med ein føresetnad at det vert lagt fram ein akseptabel modell for deling av ansvar og risiko i sak som nemnt i vedtakspunkt 2.